
Søker

Opplysninger om institusjonen

Kommunenavn	Bømlo kommune
Institusjonsnavn	Bømlo bibliotek
Postadresse	Kulturhusvegen 20
Postnummer	5430
Poststed	Bremnes
Institusjonens leder	
Fornavn	Astrid
Etternavn	Drevland
Telefon	53 423 242
E-post	astrid.drevland@bomlo.kommune.no

Sluttrapport

Prosjekttittel	Ein veg inn i lokalsamfunnet
Kategori	Innsatsområder: Nye samarbeidsformer og partnerskap, Utvikling av nye bibliotektenester
Tildelt beløp	200 000
Antall tildelingsår	2-årig
Tidsperiode	2016, 2017, 2018

Mål for prosjektet

Biblioteket skal vera ein arena for læring og utveksling av erfaringar kring organisasjonsarbeid, frivilligheit og deltaking i lokalsamfunnet.
Målgruppe: Serskilt fokus på framandspråklege, men ope for alle deltakarar.

Rapport

Målgrupper: Prosjektet har hatt innvandrarar som målgruppe. Vi har hatt tett samarbeid med Bømlo vaksenopplæring, frivillige lag og organisasjonar og Bømlo frivilligsentral.

Tiltak:

Kurs/seminar: Informasjon frå ulike lag og organisasjonar som ynskjer medlemmer, kva vil det sei å bli med i ein organisasjon som frivillig?

Vi har hatt mange arrangement i biblioteket i samarbeid med lag og organisasjonar der vi har invitert elevar frå Bømlo vaksenopplæring og alle andre som har lyst å kome.

På desse arrangementa har organisasjonane presentert seg sjølv og gjort seg tilgjengelege for spørsmål og gjort det enkelt å ta kontakt.

Vi har hatt torgdagar der organisasjonar kjem og har stands slik at elevar frå vaksenopplæringa kan komme rundt og snakke med dei ulike organisasjonane.

Vi har hatt husflidskveld i biblioteket samstundes med språkkafè slik at dei som vil kan komme og teste ulike handsverksteknikkar. Dette vart eit veldig vellukka treffpunkt.

Vi fann fort ut at informasjon om dei ulike tilboda på ulike språk er viktig. Vi har laga ei nettside som heiter www.kjektilag.no. Her finn ein info om ulike tilbod på 5 ulike språk. For å velje ut tilboda har vi brukt elevar ved Bømlo vaksenopplæring og hatt Workshops med dei. Dei er ute etter aktivitetar og møteplassar der dei kan treffe og vera i lag med andre. Vi hadde storstilt lansering av nettsida, der alle laga som er presentert var med og hadde stands.

2. Skaffe, kurse og motivere mentorar som kan hjelpe brukarane til å starte organisasjonar eller treng hjelp til å delta aktivt med t.d. styrearbeid.

Det har vore vanskeleg å skaffe mentorar til dette arbeidet. Vi har vore i kontakt med ulike organisasjonar om dette, men ikkje fått noko respons. Gjennom prosjektet har vi fått eit veldig godt og tett samarbeid med Bømlo vaksenopplæringa, Bømlo frivilligsentral og ulike organisasjonar. Bømlo vaksenopplæringa har informasjon om lag og organisasjonar som ein del av opplæringa. Lærarane hjelper dei på veg med kontaktar og informasjon så godt dei kan og sender dei ned i biblioteket for ytterlegare informasjon. Vi har også fått til eit veldig godt samarbeid med Bømlo frivilligsentral i dette prosjektet. Dei har god kjennskap til ulike organisasjonar og aktivitetstilbod, og vi vil fortsetja å bruke dei som ein slags mentororganisasjon. Nettsida [kjektilag.no](http://www.kjektilag.no) blir brukt aktivt i undervisninga på Bømlo vaksenopplæring, dette er eit veldig godt verktøy når ein skal snakke om organisasjonsliv og aktivitetar.

3. Kurs/seminar: Korleis er det å vera med å styre ein organisasjon? Praktisk og enkel informasjon om organisasjonsarbeid

Vi har hatt besøk av MIKS-ressurssenter og organisasjonen Frivillighet Norge som har vore på vaksenopplæringa og helde føredrag. Miks ressurscenter hadde kurs for tilsette i kommunen og Nav som jobbar med innvandrarar og på kveldstid inviterte vi lag og organisasjonar der MIKS ressurscenter snakka om korleis jobbe med inkludering i lag og organisasjonar. Dei var også innom vaksenopplæringa og snakka om korleis det frivillige fungerer i Noreg.

4. Kurs i korleis ein kan starte ein organisasjon sjølv, her med tett oppfølging av dei som ynskjer starte noko sjølv, med ein mentor som kan støtte og hjelpe undervegs:

Frivillighet Norge hadde kurs i korleis starte sin eigen organisasjon i biblioteket. Vi veit om vertfall ein organisasjon som vart starta etter denne kvelden.

5. Bruke biblioteket som møtestad for organisasjonsarbeid, tilby møterom, andre fasilitetar (kopi, scanning, data, internett etc.)

Vi prøver å få fram budskapet om at biblioteket er ein god møteplass både når det gjeld uformelle og formelle møter. Vi tilbyr hjelp til praktiske gjeremål, som kopiar, booking av rom, hjelp til data etc.

6. Opparbeide kompetanse hjå bibliotekstilsette slik at vi kan bidra som ressurscenter og servicepunkt.

Dei tilsette har fått god innsikt i kva lag og organisasjonar som finst, og kven det er lurt å kontakte om ein lurar på noko. Vi har også gått på kurs i inkluderingsarbeid og lært mykje undervegs, særskilt når vi jobba med nettsida. Under dette arbeidet kom det klart fram kva type aktivitetar og organisasjonar som er mest aktuelle for elevar ved Bømlo vaksenopplæring.

Resultat:

Dei fleste elevane ynskjer å gjere noko kjekt i lag med andre på fritida. Dei ynskjer å treffe folk og delta på aktivitetar som ikkje krev for mykje, verken transport, utstyr eller pengar. Vi tenkjer at nettsida kjekilag.no, er ei side som fokuserer på denne typen aktivitetar. Når det gjeld å få denne gruppa til å bli meir aktive i styre og stell i det frivillige veit vi om nokre som no er med i styrearbeid. Å starte eigen organisasjon er eit omfattande arbeid. Vi har hatt kurs og vi kjem til å ha fleire kurs ved behov. Det er viktig at elevane veit dei kan komme til biblioteket om ein har slike ynskjer, så kan vi arrangere kurs. Gjennom samarbeidet med Bømlo frivilligsentral, Bømlo vaksenopplæring og mange frivillige organisasjonar har dei tilsette i biblioteket fått god kjennskap til kva tilbod som finst og korleis dette fungerer.

Måloppnåing:

Mål for prosjektet har vore:

Biblioteket skal vera ein arena for læring og utveksling av erfaringar kring organisasjonsarbeid, frivilligheit og deltaking i lokalsamfunnet.

Korleis har vi klart dette:

Vi har gjennom ulike arrangement presentert mange lag og organisasjonar for alle innbyggjarane i Bømlo.

Vi har laga ei nettside som viser aktivitetar på Bømlo på 5 ulike språk som synleggjer tilbodet som finst på Bømlo.

Vi har auka kompetansen hjå bibliotekstilsette slik at vi kan yte hjelp ved spørsmål om organisasjonslivet på Bømlo.

Vi har knytta mange nye kontaktar, no sit vi på ein unik kompetanse i forhold til kven ein skal kontakte, og korleis dei ulike organisasjonane fungerer.

Erfaringar:

Det er viktig å møte folk ansikt til ansikt. Vi har hatt fleire torgdagar der ulike lag og organisasjonar har snakka om seg sjølv og etterpå stiller seg opp på stand. Da har folk moglegheit å gå og snakke med dei organisasjonane som er interessante. På den eine torgdagen var det 40 stk. som sette seg på liste fordi dei ville hjelpe til på Barnas Turlag sin neste tur. Ikkje like mange møtte opp, men nokre. Vi har også hatt husflidskveld i biblioteket der husflidslaget viser ulike handarbeidsteknikkar. Fleire av elevane på Bømlo vaksenopplæring hadde kunnskapar om teknikkane eller kunne andre teknikkar som dei viste. Dei små og nære møta der ein kan gjere noko ilag har vore dei mest vellukka. Å lage nettside på ulike språk har vore ein god informasjonskanal. På nettsida står det også litt info om kva det vil sei å vere med i ein organisasjon, dette er veldig viktig info å få ut. Kva er ein dugnad? Er det verkeleg slik at fotballtrenarane til ungane jobbar gratis?

Planar for vidareføring

- Nettsida blir vidareført
- Biblioteket som eit kompetansesenter for frivillig arbeid blir vidareført
- Det gode samarbeidet med Bømlo vaksenopplæring og Bømlo frivilligsentral blir vidareført
- Biblioteket vil engasjere seg i det årlege arrangementet: Folk på Bømlo der alle lag og organisasjonar viser seg fram.
- Vi vil arrangere kurs og seminar ved behov.

Regnskap

[Rekneskap sendt til NB.pdf](#)

Vedlegg
